

Statsforvaltaren i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/4332 - 21/386

Saksbehandlar:  
Are Frøysland Grande  
are.froysland.grande@alver.kommune.no

Dato:  
05.01.2021

## Oversender søknad til uttalelse - gbnr 146/6 Fosse ytre

Tiltak: Kaianlegg  
Byggjestad: Gbnr: 146/6  
Tiltakshavar: Tonny Andre Dale  
Ansvarleg søker: Arkitektkontoret Børveit & Carlsen AS

Saka gjeld søknad om ny kai og privat VA-anlegg knytt til eksisterande garveri på Ytre Fosse. Søknaden omfattar også dispensasjon frå LNF-føremålet og frå plan- og bygningslova § 1-8 for byggeforbodet i 100-meter beltet mot sjø.

Planlagte tiltak er i samband med pågående oppgradering av eksisterande garveri på eigedommen. Sjå vedlegg for nærmere omtale av tiltaket.

Tiltaket er nabovarsla og det ligg ikkje føre merknader. Bergen Hamn har gjeve førehandsuttale til tiltaket der det blir opplyst at dei er innstilt til å fatte positivt vedtak i saka etter hamne- og farvasslova. Før dei handsamar søknaden er det ynskjeleg at Fiskeridirektoratet gjere ein vurdering om tiltaket vil komme i konflikt med fiskeri- og eller akvakulturinteresser i området. Denne vurderinga fylgjer ikkje med søknaden.

### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplan for Knarvik, Alversund og Alverstraumen 2019-2032 definert som LNF.

Området er omfatta av hensynssone H570\_1 (bevaring kulturmiljø, indre farlei) og faressoneH310 (ras- og skredfare).

### VURDERING

#### Dispensasjon

Det er søkt om dispensasjon for LNF-føremålet og plan- og bygningslova (pbl) § 1-8 for gjennomføring av tiltaket.

*Dispensasjon fra LNF-føremålet og pbl § 1-8*


Grunngjevnaden knytt til sønad om dispensasjon fra LNF-føremålet er i hovudsak knytt til at bevaring av garveriet og del av eideommen som kulturminne vil styrke LNF-føremålet.

Vidare er det vist til at kaien kan etablerast uavhengig av eksisterande bygg og steinkai, og tiltaket er revisibelt. Føremålet med utviding av kaiområdet er enklare vedlikehald og tilkomst til bygget.


Fullstendig grunngjevnad fylgjer som vedlegg.



Figur 1 Ortofoto



## Figur 2 Plankart



Figur 3 Situasjonskart for omsøkte tiltak

### **Naturmangfaldlova**

§8 Kunnskapsgrunnlaget: kunnskapsgrunnlaget vert vurdert som tilfredstillende gjennom databasen [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no).

Registreringer: Ingen relevante. Det er elles ikkje kome fram opplysningar i saka som skulle tyde på at det finst artar eller naturtypar i tilknyting til tomta.

Kravet i § 8 om at saka skal basera seg på eksisterande og tilgjengeleg kunnskap er dermed oppfylt. § 9 føre-var prinsippet blir difor tillagt lita vekt. §§ 10 – 12 er difor ikkje vurdert nermare.

### **Naturfare**

Det er utarbeida ein skredfarevurdering av Sunnfjord Geo Center datert 04.12.2020. I rapporten kjem det fram at bygget ligg trygt i høve til krava i S1 og S2. Det er derimot lagt vekt på at konklusjonane tek etterhald om at mennesklege inngrep i området vil kunne endre dei geologiske og hydrologiske forholda, og dermed også skredfaren.

I høve til stormflo, legg kommunen til grunn at funksjonen til ein kai er å plassere det i område med flaumfare. Kommunen legg til grunn at tiltaket blir dimensjonert for å tåle påverknaden av eventuell stormflo.

### **Frist**

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Are Frøysland Grande  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Skredfarevurdering  
Følgjebrev  
Situasjonsplan  
Teikningar  
Søknad om dispensasjon  
Forhåndsuttale Bergen Havn

### **Kopi til:**

Arkitektkontoret Børteit & Carlsen AS	Hagellia 6	5914	ISDALSTØ
---------------------------------------	------------	------	----------

### **Mottakarar:**

Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Norges Vassdrags- og Energidirektorat (nve)	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN